



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Lars Kringstad, 71 25 84 50

## Ålesund kommune. Tiltak i vassdrag. Fråsegn til søknad om uttak av vatn og regulering av Brusdalsvatnet til drikkevassforsyning.

### Bakgrunn

NVE har innkalla Ålesund kommune sitt vassuttak i Brusdalsvatnet til konsesjonsbehandling etter vassressurslova § 66. Hovudformålet med innkallinga er å fastsette krav til minstevassføring for å betre forholda for elvemusling og fisk i Spjelkavikelva nedstraums Brusdalsvatnet.

I gjeldande ekspropriasjonsløyve frå 1971 kan kommunen ta ut inntil 55.000 m<sup>3</sup> vatn pr. døgn, samt regulere Brusdalsvatnet med 1,35 m mellom kote 25,96 og 24,61. Kommunen søker no om ei heilårleg minstevassføring på 180 l/s. Dei ønskjer også at manøvreringsreglementet og minstevassføringskravet skal bli gitt som eit prøvereglement for fem år for teste ut reglementet.

### Merknader

Statsforvaltaren er positiv til at vassuttaket blir konsesjonsbehandla og at det vil bli innført krav til minstevassføring.

Det blir opplyst at det faktiske uttaket kommunen gjer i dag er på ca. 30.000 m<sup>3</sup> pr. døgn og at det omsøkte uttaket neppe er aktuelt i overskueleg framtid. Vi har fått meldingar frå grunneigarlaget om at kommunen også forsyner andre kommunar med vatn. På førespurnad hos NVE har vi fått avklart at gjeldande ekspropriasjonsløyve ikkje er til hinder for at kommunen kan ta ut vatn, og at vatnet deretter kan leverast vidare til nabokommunar.

Dei biologiske verdiane knytt til vassdraget er omtalt i søknadens kapittel 3.5-3.7. I tillegg til dette vil vi nemne at elvemuslingbestanden vart undersøkt av Asplan Viak i 2021 i rapport: *Konsekvensutredning. Detaljregulering av vannbehandlingsanlegg og pumpestasjon ved Brusdalsvatnet.* Dette på oppdrag for kommunen. Elvemuslingbestanden blir omtala som svært skjør, og det har vore ei negativ utvikling sidan 2013. Bestanden av elvemusling er i ein så dårleg tilstand at det vil vere stor risiko for at deler av bestanden blir ytterlegare skada som følge av nedslamming i samband med eventuelt anleggsarbeid. Konsekvensutgreiinga inneheld også oppdatert informasjon om sårbare fugleartar og viltartar (flaggermus) knytt til vassmiljøet. Heile strekinga frå Brusdalsvatnet til sjøen er også avmerkt som eit område med artar av nasjonal forvaltningsinteresse i Naturbase.

Utløpselva frå vatnet er oppvekst- og gyteområde for sjøaure, laks og innlandsaure frå Brusdalsvatnet. Det er også registrert god bestand av ål i Lillevatnet og i elva. Statsforvaltaren ser på Brusdalsvassdraget som eit regionalt viktig aurevassdrag. Utløpselva har viktige gyteområde der det er observert stimar av større aure på gyteplassane dei siste åra (0,5-5 kilo). Det manglar informasjon om fordeling mellom sjøaure og innlandsaure. Statsforvaltaren har meldt inn Brusdalsvatnet som ein av fire kandidatar i fylket til å ha mogleg storaurebestand, men dette er ikkje dokumentert enno. Søknaden manglar informasjon om at det er røye i Brusdalsvatnet. Ifølge Brabrand (2001) er det både ein storvaksen og småvaksen røyemorf i vatnet.

Det går fram av konsekvensutgreiinga at om ein legg ein til grunn eit uttak omtrent som på dagens nivå, med ei minstevassføring på 180 l/s, vil vassføringsregimet bli omtrent som i dag.

Eit maksimalt uttak som omsøkt vil føre til auka blottlegging av reguleringssona langs Brusdalsvatnet. Korleis dette vil påverka fiskesamfunnet i innsjøen er ukjent, men den minste auren som har tilhald i strandsona vil truleg bli meir utsett for predasjon frå større fisk.

Det vil også føre til lengre periodar med låg vassføring og dermed reduserte forhold for oppvandrande fisk. Konsekvensutgreiinga viser at vassføringa ut av Brusdalsvatnet i tørre og normale år kan ligge på/litt over minstevassføring store deler av sommaren og hausten. Dette kan redusere mengda gytefisk som vandrar opp og gyt, særleg i tørre år. Utløpselva er truleg også den viktigaste gyteelva for innlandsaure, ifølge Brabrand (2001). Både konsekvensutgreiinga og NORCE (*Notat-Vurderinger knyttet til vannføring og fiskevandring i Spjelkavikelva* – 16.06.2022) foreslår at det blir lagt opp til eit reguleringsregime med slepp av lokkeflaumar i oppvandringsperioden. Vi vil rå til at dette blir formalisert i konsesjonen. Konsesjonen bør også innehalde vilkår om å forbetre oppvandringstilhøva i kulvertar og fisketrapper i Spjelkavikelva, samt fjerne kunstige vandringshinder i tilløpselver i vatnet. Elvemuslingbestanden er svært skjør og overvåkings- og bevaringstiltak må inngå. Ombygging av dammen kan vere ein stor risiko for bestanden.

Vi vurderer at dei økologiske konsekvensane av å auke det faktiske uttaket frå 30.000 m<sup>3</sup> og opp mot 55.000 m<sup>3</sup> ikkje er godt nok synleggjort for ferskvassfaunaen korkje i elva eller vatnet. Før dette eventuelt er nærare klarlagt vil vi tilrå at konsesjonen ikkje opnar opp for særleg større uttak enn i dag.

### Oppsummering

- Statsforvaltaren er positiv til at vassuttaket blir konsesjonsbehandla og at krav om minstevassføring blir innført.
- Vi vil tilrå at konsesjonen ikkje opnar opp for vesentleg større uttak enn i dag.
- Vi tilrå også at det blir formalisert eit reguleringsregime med slepp av lokkeflaumar i oppvandringsperioden for laks og sjøaure.
- Det bør innførast vilkår om betring av oppvandringstilhøva.
- Det må rettast særleg fokus på elvemuslingsbestanden gjennom overvåkings- og bevaringstiltak.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)  
fagleiar

Lars Kringstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

Fagsaksbehandlar  
Fisk: Geir Moen tlf. 71 25 84 71

Kopi til:

ÅLESUND KOMMUNE  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 1521  
Postboks 2500

6025  
6404

ÅLESUND  
MOLDE